

Fjordportalen verdsarvsenter besøks- og formidlingscenter for Vestnorsk fjordlandskap og Nærøyfjorden verdsarvområde



Fjordportalen verdsarvsenter har teke eit stort steg nærare realisering.

I desse dagar er søknader om investerings- og driftstilskot sendt Vestland fylkeskommune og verdsarvkommunane Aurland, Lærdal og Vik kommunar og Voss Herad. Dette dokumentet gjev ein samla gjennomgang.



Verdsarvsenteret for Nærøyfjorden skal etablerast i bygget til Aurland kjøle og fruktlager SA, sentralt plassert i Aurland med adresse Odde 15. , og slik bli eit besøks- og formidlingscenter for Vestnorsk fjordlandskap og Nærøyfjorden verdsarvområde.

Utvikling i sjølve byggeprosjektet speglar grunntanken i verdsarven og FN sine berekraftsmål. Fyrst var planen eit storslått nybygg på tomte. Prosessen enda opp med eit prosjekt basert på ombruk og sirkulærøkonomi.



MAD arkitekter har utvikla og teikna konseptet basert på ombruk og berekraft. Det ombygde eksisterande bygget vil få ein klimaskjerm i glas og tre, som dannar nye ute og inne rom.

Bygget skal ha desse funksjonane:

- Autorisert Verdsarvsenter med basis- og temautstillingar
- Areal for lokale næringar
- Kontor grøne kompetansmiljø/ naturforvaltning
- Kulturareal

På ei tre dekar fantastisk sjøtomt skal verdsarvsenteret bli eit nervesenter og ein møteplass for elevar, studerande, besøkjande, bygdefolk og dei som forvaltar og driv naturbasert næring.

Fjordportalen verdsarvsenter besøks- og formidlingsenter for Vestnorsk fjordlandskap og Nærøyfjorden verdsarvområde



Bakgrunn

Vestnorsk fjordlandskap vart innskrive på UNESCO si verdsarvliste i juli 2005 som Norge sin fyrste og til no, einaste naturarv. Verdsarvstatusen er fyrst og fremst tufta på naturvenleik og geologi/geologiske prosessar og landforming over millionar av år. Busetnad og menneskeleg aktivitet i for- og notid tilfører naturlandskapet ein kulturell dimensjon som utfyller og forsterkar statusen.

Nærøyfjorden Verdsarvpark er skipa kring verdsarven Vestnorsk fjordlandskap – Nærøyfjorden. Parken er eit verktøy for å sameine vern og aktiv næringsutvikling, og inkluderer fjordar og dalar i verdsarvkommunane Aurland, Vik, Lærdal og Voss. Sentralt i denne satsinga er etablering av eit senter for Verdsarvparken, som no er klar for realisering.

Sentralt plassert i Aurland, på Odden 15, skal partane Nærøyfjorden verdsarvpark (NVP) og Aurland Kjøle- og fruktlager SA (AKF), gjennom eigedomsselskapet Fjordportalen AS (FP), bygge og drifte Fjordportalen verdsarvsenter, eit senter for verdsarven og for natur- og kulturbasert næring og aktivitet.

Verdsarvkommunane har samla seg om lokalisering av senteret i Aurland. Berekraft og sirkulærøkonomi er grunnlaget for ombygging av det gamle lagerbygget til AKF frå 1954. Bygget skal ha desse funksjonane:

- Autorisert Verdsarvsenter med besøksenter, basis- og temautstillingar
- Areal for lokale næringar
- Kontorfellesskap for grønne kompetansemiljø og naturforvaltning
- Kulturareal

Senteret skal vera eit velfungerande og dynamisk verdsarvsenter, tufta på UNESCO sine verdiar og FN sine berekraftsmål. Dette skal vera nervesenteret i arbeidet med formidling av verdsarven for Nærøyfjordområdet. Senteret skal hauste synergjar gjennom drift av Verdsarvsenteret og vera eit campus for det grønne kompetansemiljøet, som held til i kontordelen.

Besøksenteret har solid lokal forankring. Over 100 luteigarar i Aurland Kjøle- og fruktlager SA går saman med stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark, med sine over 75 partnarar og skipar Fjordportalen AS til å bygge og drifte senteret. Slik vil ein organisatorisk sikre at

senteret vert eit verktøy for å oppnå dialog, læring og samhandling mellom partnarar, bygdefolket, landbruk, næringsliv, frivillige organisasjonar og forvaltninga i området.

Framdriftsplan

Arbeidet med å realisere Fjordportalen verdsarvsenter har denne framdriftsplanen:

Hovudaktivitet i 2023:	Finansiering og prosjektering av bygg Gjennomføring av ei konseptvalvurdering (KVU) Arbeid med autorisasjon
Hovudaktivitet 2024:	Prosjektering Søknad om autorisasjon
Mål 2025	Byggjестart

Politisk forankring

Fjordportalen Verdsarvsenter er eit solid svar på berekraftsmåla til FN, stortingsmeldinga «Nye mål i kulturmiljøpolitikken», Vestland fylke sin Utviklingsplan og den nyleg vedtekne regionale plan for kultur 2023-2035.

Klima- og miljødepartementet

«Klima- og miljødepartementet har som ambisjon å bidra til å etablere verdsarvsentre ved alle norske verdsarvområde fram mot 2026. Besøkssentra skal spreie kunnskap og skape merksemd om sitt felt. Dei skal bidra til lokal, berekraftig verdiskaping gjennom måten dei vert drivne på.» (Om autorisasjon av besøksenter, plan og strategi 18.05.2017).

«En særlig satsing på formidlingen og den lokale forankringen av verdensarven er prioritert gjennom ambisjonen om å legge til rette for etablering av verdensarvsentre ved alle de norske verdensarvområdene.»

«De norske verdensarvområdene skal utvikles som fyrtårn for den beste praksisen innen natur- og kulturminneforvaltning når det gjelder tilstand, forvaltning og formell beskyttelse.» (Meld.st.16 (2019-2020) Nye mål i kulturmiljøpolitikken s. 69 og 72).

Vestland fylke

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024

«UNESCO-områda i Vestland bør bli vidareutvikla til fyrtårn for natur- og kulturminneforvaltning.» (Utviklingsplan for Vestland 2020-2024).

«Etablering av verdsarvsenter vil etter fylkesrådmannen sin vurdering bidra til å støtte opp om FN sine berekraftsmål. I denne samanhengen er det spesielt fyljande berekraftsmål som sentera vil støtte opp om:

9. Industri, innovasjon og infrastruktur, 11 Bærekraftige byer og lokalsamfunn , 12. Ansvarlig forbruk og produksjon, 16. Fred, rettferdighet og velfungerende institusjoner

Verdsarvsentera vil vidare bidra til å støtte opp om Vestland fylkeskommune sin visjon om eit berekraftig og nyskapande Vestland og dei støttar opp om alle hovudmåla i Utviklingsplan for Vestland 2020-2024.» (Sak til fylkesutvalet 11.05.2021 s. 2).

«Kultur bygger samfunn» Regional plan for kultur 2023–2035

«Det er i dag stort fokus på verdsarven sett frå det lokale perspektivet. Framover er det behov for å løfte blikket ut over det lokale, sjå verdsarven i Vestland i ein regional, nasjonal og internasjonal samanheng og nytte Verdsarvkonvensjonen sitt føremål aktivt.... Berekraft er eit nøkkelord for bevaring og utvikling av verdsarven i fylket (s.26).

Dei tre verdsarvstadene i Vestland (Bryggen, Urnes og Vestnorsk fjordlandskap/ Nærøyfjorden vår merknad) er ein basis for ei sterkare satsing på kulturturisme. Den statlege verdsarvpolitikken legg opp til at det skal opprettast eit autorisert verdsarvsenter ved alle landet sine verdsarvstadar. I Vestland er det berre Urnes stavkyrkje som har fått eit slikt senter. Det er også eit mål at verdsarvstadene i Vestland styrker samhandlinga seg imellom og prioriterer arbeidet med kunnskapsbygging og kunnskapsdeling.»

(«Kultur bygger samfunn» Regional plan for kultur 2023–2035 s.45).

Nokre andre politiske føringar er omtalt i pkt. 7.

Om søknaden

Søknaden har vald å setje verdsarvsenteret inn i ein større kontekst, og slik dokumentere kor viktig prosjektet er. Innleiingsvis vert UNESCO og verdsarven omtalt, sameleis koplinga av prosjektet til FN sine berekraftsmål, før ein skisserer forankringa verdsarven og verdsarvsentera har på nasjonalt hald.

Deretter vert Vestnorsk fjordlandskap og Nærøyfjorden verdsarvpark presentert. Dette er opptakten til ein kort gjennomgang av historisk prosess, forankring, val av lokasjon og konsept som ligg til grunn for Fjordportalen.

Hovuddelen av søknaden er ein gjennomgang av forprosjekt, faglege analysar, investering og driftsbudsjett, marknadsplanar, driftskonsept og finansieringsplan. Alt i samsvar med dei krav som vert stilt til ein slik søknad.

I tillegg til søknad om tilskot til investering vert det søkt om:

- eit tilskot til ei *konseptvurdering* med oppstart i 2023. Den skal m.a. kvalitetssikre kalkylegrunnlaget, vurdere entrepriserform og korleis ein best reduserer energibruk og utslepp og vurdere korleis ein kan redusere kostnader.
- til sist vert det søkt om eit planleggingstilskot for 2023, sjå pkt. 8.
- Fjordportalen har utarbeidd eit driftsbudsjett for senteret. Det syner at selskapet kan forsvare denne investeringa. Driftsbudsjettet er omtalt i kapittel 6.
- Kommunane vil få deira søknad om driftstilskot saman med søknaden om investeringsmidlar.

1. UNESCO – verdsarvstatus

1.1 Om UNESCO

UNESCO FN sin organisasjon for utdanning, vitskap, kultur og kommunikasjon har som mål å bidra til fred og tryggleik gjennom internasjonalt samarbeid. Med i underkant av 200 medlemsstatar, arbeider UNESCO for å nå sine mål gjennom ulike program som – utdanning for alle, vern av kulturarv, vitskapeleg samarbeid og ytringsfridom.

I Norge er det Utanriksdepartementet som har ansvar UNESCO, medan Kunnskapsdepartementet har det overordna ansvaret for å koordinere norsk UNESCO-arbeid. Ansvaret for dei ulike hovudområda er delegerte til ulike departement, der **verdsarv** ligg til avdelinga Kulturmiljø- og Polaravdelinga i Klima- og miljødepartementet.

1.2 Verdsarv

Verdsarv er eit omgrep som UNESCO brukar for å omtale stader, monument og naturområde som er særst viktige for natur- og kulturhistoria i verda. For å koma på verdsarvlista må ein stad oppfylle minst eitt av ti utvalde kriteria. Desse vert justert jamleg av verdsarvkomiteen for å reflektera utviklinga av verdsarvkonseptet. Verdsarvlista omfattar over 1000 stader, der 8 av desse er i Noreg.

Bryggen i Bergen

Urnes stavkyrkje

Bergkunsten i Alta

Bergstaden Røros og Circumferensen

Vegaøyen

Vestnorsk fjordlandskap med delområda Geirangerfjorden og Nærøyfjorden

Struves meridianbue

Rjukan-Notodden industriarv

Som ein ser ligg tre av åtte verdsarvstader i Vestland.

1.3 Verdsarvsentera

Det følger av stortingsmelding nr. 35 (2012-2013) «Framtid med fotfeste – Kulturminnepolitikken» at Klima- og miljødepartementet har som ambisjon å bidra til å etablere verdsarvsenter ved alle dei norske verdsarvområda. Status i dag er at Bryggen i Bergen og Vestnorsk fjordlandskap – Nærøyfjordområdet manglar slike senter.

De norske verdensarvområdene skal utvikles som fyrstårn for den beste praksisen innen natur- og kulturminneforvaltning når det gjelder tilstand, forvaltning og formell beskyttelse. (Stortingsmelding nr. 35 (2012-2013) «Framtid med fotfeste – Kulturminnepolitikken»).

Meldinga slår fast at det er viktig med ein arena eller eit senter i tilknytning til verdsarvområda, der det kan formidlast god informasjon om verdsarven til alle besøkande. Det er også behov for lokale "motorar" i arbeidet med å ta vare på verdsarven, og som kan bidra til å oppfylle konvensjonen si oppfordring om at lokalsamfunna skal spele ei rolle i dette arbeidet.

Formålet med verdsarvsentera er å leggje til rette for informasjon om verdsarv konvensjonen og aktivitetar for å oppleve verdsarven. Sentera skal samstundes, gjennom si verksemd , bidra til lokal forankring av verdsarven.

Verdsarvsentrene er steder som kan fremme deltakelse. I tillegg til å spre kunnskap og skape oppmerksomhet om verdensarvverdiene, skal sentrene bidra til at verdensarven har en funksjon for lokalsamfunnet i tråd med forpliktelsene i verdensarvkonvensjonen. Verdsarvsentrene er derfor en ressurs for lokalsamfunnet, møteplasser for lokalbefolkninga og kan bidra til involvering og lokalt eierskap, blant annet gjennom aktiviteter i samarbeid med skoler og næringsliv. (Meld.st.16 (2019-2020) Nye mål i kulturmiljøpolitikken s. 36).

1.4 Autorisasjon

Sentra er *autorisert* som verdsarvsenter etter ei autorisasjonsordning fastsett av Klima- og miljødepartementet med gjevne krav til drift og innhald i sentera. Autorisasjonen gjeld for fem år av gongen. Det heiter som hovudregel, og der forholda ligg til rette for det, skal sentera samlokaliseras med relevante, etablerte institusjonar som naturinformasjonssenter, museum eller forvaltningsknutepunkt.

Fjordportalen har innarbeidd dei føringar som ligg til grunn for autorisasjon i prosjektet. Besøksenteret vil søkje om autorisasjon samstundes som søknad om statleg finansiering vert sendt, seinast i januar 2024.

1.5 Verdsarvsenteret som ressurscenter for berekraftig reismålsutvikling

Kommunane i Sogn har nyleg ferdigstilt masterplan for reisemålet Sogn. Sentrale satsingar i denne masterplanen er formidling av verdsarvområda, betre besøksforvaltning, utvikling av heilårs arbeidsplassar og berekraftig arealforvaltning. Dette er oppgåver som krev nært samarbeid mellom kommunane, andre forvaltningsmiljø og reiselivsbedriftene i regionen. Eit verdsarvsenter vil ha eit formål, ressursar og kompetanse som gjer verdsarvsenteret til eit naturleg knutepunkt for ei slik satsing.

2. Vestnorsk fjordlandskap - Nærøyfjordområdet.

2.1 Vestnorsk Fjordlandskap

Vestnorsk Fjordlandskap omfattar Geirangerfjorden, Synnølvfjorden og Tafjorden på Sunnmøre samt Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden i Vestland med tilgrensande fjell og dalar. Vestnorsk fjordlandskap er som nemnt innleiingsvis det einaste området som står på den prestisjetunge verdsarvlista til UNESCO på grunn av naturverdiane. Mange reknar desse fjordlandskapa som dei vakraste på kloden og landskapa er lite påverka av menneskeleg aktivitet.

UNESCO skildrar dette området slik:

"Nærøyfjord- og Geirangerfjordområda vert rekna mellom dei framifrå vakraste fjordlandskapa på kloden. Deira unike naturvenleik kjem av dei tronge dalgangane med bratte krystallinske bergsider som strekkjer seg frå 500 m under vassflata til 1400 meters høgde over Norskehavet. Eit utal fossar kastar seg utfor dei stupbratte fjellveggane, medan talrike frie elvar renn frå takkete fjell, brear og bresjøar, gjennom lauv- og barskog, og ned til fjorden. Eit stort mangfald av andre naturfenomen på land og i vatn med m.a. undersjøiske morenar og sjøpattedyr, forsterkar naturopplevinga. Restar av eldre, no for det meste nedlagde gardsbruk og stølar, tilfører det dramatiske naturlandskapet ein kulturell dimensjon som utfyller og aukar den samla verdien av området."
(UNESCO sitt [Statement](#) of Outstanding Universal Value)

Verdsarvrådet

Verdsarvrådet er felles for heile dette området. Medlemmer i rådet er ordførarane frå dei 6 kommunane verdsarven ligg i, vidare Statsforvaltarar og fylkesordførarar i Vestland og Møre

og Romsdal. Som observatørar møter ein representant for kvar av desse: Statens Naturoppsyn (SNO) Geiranger, SNO Aurland, Miljødirektoratet, Riksantikvaren, Verneområdeforvaltar Nærøyfjorden, Verneområdeforvaltar Geirangerfjorden, Styreleiar Geirangerfjorden Verdsarv, Styreleiar Nærøyfjorden Verdsarvpark, Ein representant frå Miljøverndepartementet deltek etter behov, og Sjøfartsdirektoratet.

Målet for rådet er å syte for eit godt samarbeid om å oppfylle verdsarvstatusen i samsvar med retningslinene for Verdsarvkonvensjonen og forvaltningsplanen for verdsarvområdet.

Norsk Fjordsenter

Geiranger har sitt eige besøkssenter, Norsk Fjordsenter. Gjennom utstillingar og interaktive stasjonar får du kunnskap om dei geologiske prosessane som skapte fjordlandskapet og korleis landskapet er i dag. Du får også lære om det biologiske mangfaldet og korleis dyr og plantar har tilpassa seg naturtypene i området. Besøkssenteret har ei eiga utstilling og aktivitetsrom for born der du møter Gaute Gneis og vennene hans. På besøkssenteret er det kafé og eit butikkutsal med vekt på berekraftige, norske produkt. I kinosalen kan du få med deg den vakre filmen frå heile verdsarvområdet.

2.2 Nærøyfjorden Verdsarvpark

Nærøyfjorden Verdsarvpark (Verdsarvparken) er danna kring verdsarven Vestnorsk fjordlandskap – Nærøyfjorden. Området omfattar Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden, fjellområde og dalar i kommunane Aurland, Lærdal, Vik og Voss med dei busette områda Bakka, Dyrdal, Undredal og Nærøydalen. Nærøyfjorden vert rekna som eit av dei mest dramatiske og spektakulære landskapa i verda, med nokre av dei lengste, djupaste, smalaste og vakraste fjordane.

Verdsarvverdiane i Nærøyfjorden er skildra slik av UNESCO:

Vestnorsk fjordlandskap er klassiske, framifrå velutvikla fjordar, og vert rekna for å vere typelokalitet for fjordlandskapa i verda.

Storleiken og kvaliteten på desse fjordane kan samanliknast med andre fjordar på Verdsarvlista, og dei utmerkjer seg med sine klimatiske og geologiske tilhøve. Området syner alle element av landformer knytt til dei indre delane av to av dei lengste og djupaste fjordane i verda.

Verdsarvparken er inspirert av dei europeiske regionale naturparkane. I Norge er Nærøyfjorden Verdsarvpark ein av pionerane blant regionalparkane. Hovudideen med desse parkane er å arbeide med definerte område på tvers av offentleg og privat sektor. Regionalparkane skal arbeide for sameining av vern og aktiv næringsutvikling. Effekten av ei slik samanfletta og langsiktig områdeforvaltning er auka verdiskaping bygd på lokale natur- og kulturressursar.

Det fysiske området som Verdsarvparken tek utgangspunkt i, er sett saman av areal som er regulert gjennom Plan- og bygningslova og verna areal etter Naturmangfaldlova, forvalta av Fjellstyre, Statens naturoppsyn, Statsforvaltar og Verneområdeforvatninga.

I Nærøyfjorden landskapsvernområde er det seks verneområde:

- Bleia - Storebotnen landskapsvernområde
- Bleia naturreservat

- Nordheimsdalen naturreservat
- Grånosmyrane naturreservat
- Nærøyfjorden landskapsvernområde
- Geitanosi naturreservat

I tillegg er busette område som Undredal, Bakka, Dyrdal, Gudvangen/ Nærøydalen i Aurland og Voss av vital verdi.

2.3 Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark

Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark vart skipa 25. januar 2008. Formelle stiftarar er Sogn og Fjordane fylkeskommune og kommunane Aurland, Lærdal, Vik, Voss. Styret for stiftinga er på i alt 9 personar, der 5 av desse skal peikast ut av stiftarane og 4 skal veljast av parkmøtet. Styret har eit arbeidsutval med 3 medlemmer.

Verdsarvparken har 75 partnarar alt i frå interesseorganisasjonar, bedrifter og lokale tilbydarar av ulike tenester. Oversyn over desse finn du [her](#).

Funksjonen og oppdraget som verdsarvkoordinator for Vestnorsk fjordlandskap – Nærøyfjordområdet er organisatorisk plassert hjå Verdsarvparken.

Parkplan for Nærøyfjorden verdsarvpark

Parkplanen er ein langsiktig strategi- og handlingsplan med siktemål å vere eit sentralt grunnlag for samarbeid, og slik eit styringsdokument for Nærøyfjorden Verdsarvpark.

Verdsarvparken sin visjon er formulert med utgangspunkt i verdsarvverdiane og i ei forståing av dei motiverande drivkreftene for utvikling av lokalt eigarskap og engasjement:

Verdiskaping skjer i møtet.

Verdsarvparken skal utvikle eigarskap til landskaps og kulturverdiane og aktivt fremje internasjonale verneverdiar gjennom lokal økonomisk, kulturell og identitetsmessig utvikling.

Verdsarvparken er eit verktøy for å oppnå dialog, læring og samhandling mellom partnarar frå lokalbefolkning, landbruk, næringsliv, frivillige organisasjonar og forvaltning i området.

Det er akkurat desse aktørane som har gått saman om og vil finne sin plass i Fjordportalen.

Mål og strategiar

Planen omtalar viktige strategiar, som her vert omtalt stikkordvis: Vern gjennom bruk, natur- og kulturbasert næringsutvikling, busetnad og livskvalitet, landskap og kulturminneskjøtsel og ta vare på miljøet.

Dei overordna satsingane munnar ut i 3 hovudarbeidsområde:

- SKAPE - næring og kultur
- TA VARE PÅ - naturarv og miljø
- TA VARE PÅ – kulturarv

I Parkplanen vert Fjordportalen omtalt slik:

« Fjordportalen heng nøye saman med heilskapen i dei strategiske satsingsområda til Nærøyfjorden Verdsarvpark. I særleg grad gjeld dette satsinga på stadformidling og

desentralisert formidling gjennom verdsarvhus i grendene. Fjordportalen fortener likevel å framhevast som eit eige tiltak.

Eit forprosjekt er nyleg gjennomført. Forprosjektet viser at det vil vera trong for eit nervesenter i arbeidet med formidling av verdsarven for Nærøyfjordområdet. Vidare viser forprosjektet at det vil vera mogeleg å hente ut ein synergi mellom drifta av eit UNESCO/Verdsarvsenter og eit «Campus»/grønt kompetansemiljø. Desse og andre funksjonar som måtte inngå i det endelege prosjektet vert føresett skilde med omsyn til investering og drift. Det som vil motivere ei eventuell samla løysing vil vera potencialet for synergjar, jf. klyngetenkninga gjort greie for ovanfor».

2.4 Andre planar

Arbeidet vert styrt av fleire andre planar, som her vert nemnd stikkords vis

- **Forvaltningsplan** for Nærøyfjorden med landskapsvernområda og busette område i Nærøydalen, Gudvangen, Bakka, Dyrdal, Undredal og Breisnes.
- **Tiltaksplan** for kulturlandskapet i verdsarvområda Vestnorsk fjordlandskap og Vegaøyan
- **Restaureringsplan** for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden.

2.5 Administrasjon

Stiftinga har slik organisasjon

- Dagleg leiar Erling Oppheim
- Parkforvaltar kulturminne og formidling, Gry B. Mørk.
- Prosjektleiar Vandring og verdiskaping, Bengt Erlend Skjerdal.
- Prosjektleiar informasjon, Gro Nesse Bremer
- Prosjektleiar m.a. Aurlandsdalen, Snædis L. Bjarnadottir.

I tillegg vert det nytta tidsavgrensa engasjement og oppdrag etter avtale, for løysing av oppgåver knytt til prosjekt med eiga finansiering.

Søknaden held fram på neste side.

3. Forprosjekt Fjordportalen verdsarvsenter

Samandrag

Forprosjektrapporten for Fjordportalen verdsarvsenter var ferdig i 2018. Den byggjer på mange år med kunnskapsbaserte prosessar og brei forankring. Målet har heile tida vore å realisere eit fleirfunksjonelt bygg med formidlingscenter for verdsarvverdiane, samlokalisert med natur- og kulturbaserte næringar og kompetansemiljø. Arbeidet samla seg om å bruke Aurland kjøle- og fruktlager sitt bygg til føremålet. Visjonen var at bygget skal formidle verdsarvverdiane og styrke det natur- og kulturbaserte næringsmiljøet.

Medverknad og forankring

Medverknaden i forprosjektfasen har vore brei, m.a. med aktørar som vil ha tilhald i bygget: Verneområdeforvaltarar, Statens Naturoppsyn og Aurland Fjellstyre, SAKTE - lokal matorganisasjon, Aurland Hamnevesen som driftar kaia, lokal næring Flåm AS, Lærdal Grønt, Sogn Jord- og Hagebruksskule og Aurlandsvungen Sokneallmenning, som eig tomta. Sentral er òg Aurland kjøle- og fruktlager (AKF), eigar av noverande bygg, som har gardbrukarar i Aurland, bedrifter og nokre privatpersonar som luteigarar.


Plassering

PwC har utarbeidd fleire rapportar. Den eine frå 2019 ligg til grunn for val av plassering og innhald for verdsarvsenteret. Gjennom brei medverknadsprosess i alle dei fire vertskommunane, med ordførarane involverte, var konklusjonen etter intervju med kommunar, aktørar og verdsarvstyret: «Det er eit samstemt(og utolmodig) ønskje m å få eit Verdsarvsenter for Nærøyfjorden.» Endeleg plassering vart fastsett av Parkstyret.

Konseptutvikling

Forprosjektet utvikla eit konsept om ein *ny måte* å tenkje verdsarvsenter på; der ein koplar eksisterande lokale ressursar saman med ei tydeleg formidling av verdsarvverdiane.

Det er denne koplinga ein finn att i sjølve arealdisponeringa i bygget, der ein skal formidle verdsarvverdiane gjennom senterdelen saman med eit forvaltningsknutepunktet som forvaltar dei same verdiane. Slik at ein får eit heilskapleg konsept, lokalt forankra, formidla og forvalta.



Verdsarvsenteret skal vera ein møteplass for lokale bønder (bestilling av innsatsmidlar, sal av lokalt sluttprodukt), tilreisande (besøkjande til senteret, kafé, lokalmatbutikk, eller opphald), innbyggjarar (besøkjande til senteret, kafé, lokalmatbutikk, eller opphald), forvaltning (Verneområdeforvaltar, Statens Naturoppsyn og Aurland Fjellstyre) og eit lokalt formidlingsorgan (Fjordportalen Verdsarvsenter).

4. Fjordportalen verdsarvsenter

Samandrag

Utvikling i sjølve byggeprosjektet speglar grunntanken i verdsarven og FN sine berekraftsmål. Fyrst var planen eit storslått nybygg på tomta. Prosessen enda opp med eit prosjekt basert på ombruk og sirkulærøkonomi.

Mange reknestykkje syner i dag at det framleis er meir økonomisk lønnsamt å rive og byggje nytt. Men dette avheng av kva ein inkluderer når ein reknar kostnader. Sirkulærøkonomi vil i større grad vere ein premiss i framtidige byggjeprojekt, og avfall vil snart berre vera ein ressurs. Då Multiconsult konkluderte med at eksisterande bygg var meir enn godt nok til å renoverast og vidareutviklast, miljømessig og økonomisk, gitt at ein planlegg rett, var valet klårt.

Fjordportalen verdsarvsenter treff fleire av berekraftmåla ved å bruke eksisterande bygg, framfor å rive(mål 12 - ansvarleg forbruk og produksjon), ta i bruk kjente og innovative energiløysingar og ei blanding av høgteknologi og lågteknologiske løysingar (mål 7- rein energi til alle, 9 – industri, innovasjon og infrastruktur). Samstundes har ein eit eksisterande samvirke av naturbasert næring i botn, som vil fungere som ei drivkraft for lokale bønder, lokalt handverk og småskala produksjon og utsal (mål 9 - innovasjon, 14 og 15 – livet i sjøen og på land og 17 – samarbeid for å nå måla).

4.1 Noverande bygg

Aurland kjøle- og fruktlager SA er eigar av bygget. Selskapet driv omsetning av landbruksrelaterte varer, med lager og utsal. Bygget vart oppført i 1956, og gjeldande forskrift ved oppføringstidspunktet var byggeforskrifter av 15. desember 1949.

Bygningen har fire etasjar: Kjellar med delvis tilbakefylte vegger, to fulle etasjar over terreng og en loftsetasje med saltak. Kjellaren vert i dag brukt til lager/ kontor, 1. etasje er brukt primært til lager/verkstad med et opphaldsrom og garderobe. 2. etasje har og vore lager, medan loftet er ikkje i bruk i dag.




Multiconsult gjorde tre vurderingar i 2018, sjå brei gjennomgang i pkt. 4.6, det eine om bygget, som kan samanfattast slik:

«Den foreløpige analysen viser at bygningen vil være egnet til oppgradering. Med god takhøyde og få innvendige søyler anses fleksibiliteten til bygget som akseptabel. Energianalysen viser at det vil være fullt mulig å nå energikravene i TEK 17. Nødvendige tiltak inkluderer blant annet nytt yttertak, nytt gulv mot grunn, utvendig og innvendig isolering av yttervegger, nye vinduer og dører, tettere klimaskjerm, nytt fulldekkende ventilasjonssystem og nytt oppvarmingssystem.»

4.2 Tomt

Odden 15, som er adressa, består av to tomter, begge eigd av Aurlandsvengen Sokneallmenning, og bortfesta til Aurland Kjøle- og Fruktlager SA og Aurland kommune.



Tomta ligg til kai/sjø, gjestestraum er allerede etablert via fjorden, verdsarvområdet er godt synleg og ligg midt i kommunesenteret.

Bygget og området rundt har stort utviklingspotensial til å skape møteplassar for både besøkjande og innbyggjarar.

4.3 MAD sitt konsept

MAD arkitekter har utvikla og teikna konseptet. Dei presenterer seg slik:


«Mad skaper bygg, byer og tettsteder på lokalmiljøets, klimaet og naturens premisser. Med god arkitektur og design, i kombinasjon med kunnskap om lokalsamfunnets behov, står vi kompromissløst på byens, lokalmiljøets og naturens side. Vi er vaktbikkje på prosjektene våre og følger dem helt til ferdigstilling (og litt til).

Noen kaller oss rebelske, vi kaller det Mad-faktoren. For oss er hvert enkelt prosjekt ekstraordinært og alle våre prosjekter skal bidra til en positiv og bærekraftig samfunnsending.

Vi utfordrer alltid etablert praksis i søket etter nye og bedre svar på hvordan vi med arkitektur, design og kunnskap om by- og stedsutvikling, kan møte klima- og samfunnsutfordringene på en bedre måte. Og vi utfordrer hverandre, kundene, rådgiverne og kommunene for å finne frem tilden riktige løsningen for akkurat det stedet og den oppgaven vi til enhver tid jobber med.

I dag er vi ledende innen arkitektur og design basert på ombrukte materialer og vårt mål er å ta en sterk posisjon innen ombruks- og gjenbruksarkitektur og -design både i og utenfor Norge.»

Konseptet kan samanfattast slik:



Eksisterande bygg vil få nye funksjonar fordelt horisontalt oppover:

- På bakkeplan:

Samvirket med publikums-relatert verksemd og toalettfasilitetar


- 1. og 2. etasje:

Utstilling og verdsarvsenter

- Loft:

Kontor/forvaltningsknutepunkt

Det ombygde eksisterande bygget vil få ein klimaskjerm i glas og tre, som dannar nye ute og inne rom. Glaskonstruksjonen er planlagt å vera fleksibel, og vil i tilfelle kunne opnast opp både på bakkeplan og kaféplan, sjå illustrasjonar:




Rom og funksjonsprogram (vedlegg 4.1 har større teikningar)



Samla areal på 1 519 m² BTA,
fordeler seg slik:

Utstilling	502 m ²
Kafé/restaurant	140 m ²
Kontor	224 m ²
Lokale næringar	322 m ²
<u>Fellesareal</u>	<u>331 m²</u>
<u>Sum</u>	<u>1 519 m²</u>


Underetasje



I etasjen er det areal for utsal, lager,
foredling, produksjon og fellestolett.

Lokale næringar	322 m ²
<u>Fellesareal</u>	<u>158 m²</u>
<u>Sum</u>	<u>480 m²</u>


1. etasje neste side



Inngangsparti, startpunkt, to basisutstillinger og kafé. Trapp og heis til både til sokkeletasje underetasje og etasjane over.

Areal	
Utstilling	217 m ²
Kafé	140 m ²
Fellesareal	111 m ²
Sum	468 m²

2.etasje







Areal til utstilling, forelesning, verkstad, kino, sjå ulike oppsette under.

Areal	
Utstilling	285 m ²
Fellesareal	37 m ²
Sum	322 m²

Alternativer for romsoppdeling i fleksibel 2. etasje


for forslag på fleksibelt veggssystem, se sid 35-39



Denne etasjen vil vera fleksibel:

- oppe til venstre: «Fleksibel» 54 m2 til utstilling, 85+54,1 m2 til Workshop, og 67 stolar
- oppe til høgre: Brukt som utstillingsrom
- nede til venstre: Kino, føredrag/formidling, 134 plassar med dette stoloppsettet
I prosjekteringa vil ein vurdere om ei eller to søyler næraste lerretet kan utvekslast. Det vil ev. gje bedre romløyising.
- nede til høgre: oppsett for event/fest dekkja opp til 104 personar

3. etasje



Forvaltningsknutepunktet. Formidling, informasjon og forvaltning. I oppsettet 17 kontorarbeidsplassar og 1-2 møterom

Areal	
Kontor	224 m2
Fellesareal	25 m2
Sum	249 m2

Samla vurdering av funksjonar med arealvurdering

Bygget sitt netto areal er 1519 m2 (BTA). 1. etasje og 2. etasje vurderer vi å vera brukt 100 % til føremålet. Summen av arealet er (468+322)= 790 m2. Det utgjer 52 % av totalarealet. I tillegg må minst 52 % av fellesarealet i kjellar reknast med. Det blir 82 m2. I kontordelen treng senteret 5 arbeidsplassar, dvs. 5/17 av arealet i 3 etasje. Det blir 73 m2. Summen av areal til kulturføremål er då (790+82+73) = 945 m2, eller 62 % av arealet.

4.4 Oversyn over ulike utgreiingar

Like viktig som eit godt konsept, og at bygget fyller dei kriterium og funksjonar som vert stilt, er om bygget er godt eigna. Til grunn for ei slik vurdering er det utarbeidd tre byggtekniske rapportar, som følgjer som eigne vedlegg, i tillegg til ein grundig verdi- og lånetakst med tilstandsrapport, datert 13.09.2007.

Her kjem eit samandrag frå Multiconsult sine tre rapportar frå 2019; Geotekniske vurderingar, Flom og stormvurderingar og Byggteknisk vurdering.

Geotekniske vurderingar – Multiconsult.

Rapporten er på 9 sider og omfattar områdeomtale, gjennomgang av tidlegare grunnundersøkingar og gjennomgang av eksisterande bygg;

Frå samandraget:

- Gitt at fundamntalaster for nytt/oppgradert bygg tilsvarar dagens lastbilete, så er det ingen grunn til å forvente ytterlegare primær og sekundær setningar. Krypsetningar vil føregå, men desse er antatt neglisjerbare med omsyn til byggets funksjonalitet. Det er heller ikkje forventa at det vil oppstå differansesetningar.
- Denne vurderinga er overordna, det er difor ikkje utført berekning av bæreevne for fundamenta. Dette vil også krevje kunnskap om last og fundamentgeometri. Sand og grusmassar er generelt godt eigna grunn for fundamntering.
- Fundamenta er ikkje omfatta av planlagde tiltak/endingar. Vi tolkar det då slik at i høve plan og bygningslova (pbl) vil regelverket på det tidspunktet då bygget vart oppført gjelde.

Flom og stormvurderingar - Multiconsult

Rapporten er på 17 sider og omtalar estimat for havnivå, berekning av bølgepåverknad, gjennomgang skred – flodbølge, estimering av 200 -års flaum, vurdering av vasslinjer og ei grundig vurdering av naturfarar jamført med forskrifter.

Frå samandraget:

- *Simulering av vannlinjer i Aurlandselva under flom og varierende vannstander i fjorden er utført for å finne ut om den aktuelle bygningen vil bli oversvømt. Av samme grunn er også stormflonivået funnet, og en beregning av signifikant bølgehøyde utført. Flodbølge etter fjellskred er også vurdert.*
- *Det dimensjonerende flomnivået ved brygga på Aurlandsvungen regnes å være diktert av en vannstandsstigning under stormflo i fjorden (opp til kote 2,1), i tillegg til at nord-vestlig vind vil generere bølger som slår inn over brygga (bølger opp til kote 4,4). Det estimerte flomnivået gjelder for år 2100. Høy vannstand som følge av flodbølge etter fjellskred er tidligere utredet av NGL, og vil kunne overlagre aktuell vannstand med 2,5 m. Med et kjellergulv som ligger omtrent på kote 1,9 er det dermed klart at disse naturfarene vil kunne påvirke fremtidig bruk av bygget.*
- *Det er opp til Aurland kommune å avgjøre hvordan teknisk forskrift skal håndteres i dette tilfellet. For å kartlegge eventuelle begrensninger på fremtidig bruk av bygningen, må det opprettes dialog med Aurland kommune.*

Byggteknisk vurdering - Multiconsult

Rapporten er på 19 sider og omtalar bygninga, grunn og fundament, beresystem, ytter- og innerveggar, himling, trapper, yttertak, skorstein, miljø og helseskadelege stoff, vurdering av bygget opp mot TEK 17 og kva det vil koste å oppnå slik standard.

Samandrag:

- *Det er utført en overordnet tilstands- og energianalyse av Aurland Kjøle- og fruktlager, for å vurdere hvilke tiltak som er nødvendig for å oppgradere bygningen til dagens standard og samtidig tilfredsstillende energikravene i TEK 17.*
- *Den foreløpige analysen viser at bygningen vil være egnet til oppgradering. Med god takhøyde og få innvendige søyler anses fleksibiliteten til bygget som akseptabel. Energianalysen viser at det vil være fullt mulig å tilfredsstillende energikravene i TEK 17. Nødvendige tiltak inkluderer blant annet nytt yttertak, nytt gulv mot grunn, utvendig og innvendig isolering av yttervegger, nye vinduer og dører, tettere klimaskjerm, nytt fulldekkende ventilasjonssystem og nytt oppvarmingsanlegg.*
- *Estimert prosjektkostnad for oppgradering av bygningen til TEK 17-standard er lik 30,0 MNOK inkl. mva. Inkludert forventet tillegg og byggherrens sikkerhetsmargin er total mulighetsstudiekalkyle lik 36,0 MNOK inkl. mva. For et like stort nybygg er estimert prosjektkostnad lik 40,1 MNOK inkl. mva. og mulighetsstudiekalkyle lik 45,2 MNOK inkl. mva. Det er da forutsatt noe høyere kvaliteter for et nybygg enn for en oppgradert bygning. Kalkylene er svært grove og er basert på en rekke antakelser.*
- *Prosjektet er kun på forundersøkellesstadiet, og en rekke aspekter må vurderes nærmere i neste fase av prosjektet for å redusere usikkerhet og for å øke nøyaktigheten på kalkylen. Blant annet bør følgende avklaringer prioriteres:*
 - o *Utføre kapasitetssjekk av bæresystemet*
 - o *Bestemme bygningskategori og overordnet romprogram*
 - o *Avklare om Aurland kommune godkjenner bruk av kjelleretasje som oppvarmet areal (dersom dette er ønskelig)*
 - o *Avklare krav til rømningsveier og universell utforming*

4.5 Eigarskap og driftsmodell

Styra i AKF, NVP og prosjektgruppa har drøfta ulike modellar for eigarskap. PwC leverte i 2020 ein rapport om kva organisasjonsform som er best eigna for samarbeidet mellom stiftinga Nærøyfjord Verdsarvpark og Aurland kjøle- og fruktlager SA om å etablere eit verdsarvsenter. Vurderinga la til grunn kva som best eignar seg for å oppnå autorisasjon som verdsarvsenter, og med dette ulike tilskot. Vidare kva organisasjonsform som gjev partane best styring og kontroll og kva som vil vere mest formålstenleg samarbeidsform; då særleg i forhold til lovregulering og den tryggleik det gjev.

Rapporten tilrår etablering av eit felles eigedomsselskap for heile bygget. PwC skriv: «Det er på bakgrunn av dette vår vurdering at dette er den organisasjonsforma som vil vere mest formålstenleg sett i forhold til føresetnadane som er skildra».

2. september 2021 vart det inngått ein utbyggingsavtale mellom NVP og AKF med slikt innhald: Etablering av felles eigedomsselskap og forhold knytt til ombygging, etablering av leigetilhøve, festeavtale, kostnads- og inntektsfordeling og at etablering må sikre at NVP oppnår autorisasjon.

På denne bakgrunn stifta Aurland Kjøle- og Fruktlager SA og Nærøyfjorden Verdsarvpark 24. mars 2022 Fjordportalen AS. Det er dette selskapet som søker investeringstilskot, og som står som 100 % eigar av bygget der besøkscenter, kulturareal og serveringsområde inngår.

Tomteforhold

Festeavtalen der bygget står er inngått i 1953 med ei leietid på 99 år. Det heiter i utbyggingsavtalen:

*«Eiendommen står på areal som AKF fester av Aurlandsvangen sokneallmenning. Festekontrakten er inngått i august 1953 og det er fastsatt en leietid på 99 år.
Partene skal i dialog med de ulike finansieringsinstitusjonene klarlegge hvilke rettigheter eiendomsselskapet skal ha til grunnen og hvordan disse rettighetene skal avtales.
Det er videre nødvendig for å få realisert prosjektet at AFK får overta festeavtale fra Aurland kommune på naboeiendommen slik at man kan legge til rette for nødvendig parkeringsareal. Dette arealet vil inngå i fremtidig fremleieavtale med eiendomsselskapet. Se vedlagte kart for nærmere beskrivelse av aktuelle areal.»*

5. Investeringsbudsjett

Budsjett med detaljert kostnadsoverslag

AS Bygghanalyse har i august 2022 gjennomført ei grundig kostnadskalkyle basert på takst, teikningar og Multiconsult sine v. Kalkylen har slike føringar; *Prisnivå: Pr. August 2022, Kalkulert som hovudentreprise, TEK 17 standard for nye bygningsdelar, Rivekostnader medtatt, Det er medtatt full MVA (25%) på alle arbeider, Forventa tillegg medtatt, Usikkerhetsavsetning medtatt, men ikkje prisstigning.*

Bygghanalyse si oppsummering:

«Kalkylen baserer seg på at eksisterende bærekonstruksjoner har tilstrekkelig dimensjonert kapasitet for ombyggingen. Det er ikke medtatt forsterkninger av eksisterende betongsøyler, -dragere og -dekker utover avsatte summer for punktvis utbedring. Det er avsatt anslåtte summer til stålførsterkninger etter hulltakinger og tilpasninger av eksisterende konstruksjoner. Eksempelvis er det ikke medtatt karbonfiberforsterkninger av eksisterende betongkonstruksjoner.»

Dei kostnadane som bygghanalyse ikkje har teke med er komen med i det endelege oppsettet: finansieringskostnader, kunstnarisk utsmykking, inventar og prisstigning. Då bygget står på festetomt er ikkje tomtekostnader med, men det må vera ein del av driftsbudsjettet.

Prosjektlear har gjennomgått og oppdatert kalkylegrunnlaget slik det går fram av tabellen. Styret for FP har deretter slutta seg til kalkylen.

Fjordportalen verdsarvsven kalkyle august 2022							Versjon 24. april 2023	
Konto			Konto		Bygg	Utandørs	Sum	
01	Konto	Bygg	Felleskostnader		8 643 895	170 888	8 814 783	
02	Konto	Bygg	Verdi av noverande bygg		7 500 000		7 500 000	
02	Konto	Bygg	Bygning		31 640 982		31 640 982	
03	Konto	Bygg	VVS-installasjoner		7 236 975		7 236 975	
04	Konto	Bygg	Elkraft		3 006 982		3 006 982	
05	Konto	Bygg	Tele og automatisering		1 204 441		1 204 441	
06	Konto	Bygg	Andre installasjoner		956 829		956 829	
			Huskostnader (1-6)		60 190 104	170 888	60 360 992	
07	Konto	Utendørs	Utendørs			1 780 082	1 780 082	
			Entreprisekostnad (01-07)		60 190 104	1 950 970	62 141 074	
08	Konto	Bygg	Generelle kostnader		10 940 064	296 277	11 236 341	
			Byggekostnad (01-08)		71 130 168	2 247 247	73 377 415	
9	Konto	Bygg	Spesielle kostnader		7 770 000		7 770 000	
10	Konto	Bygg	Mva: det er gjort eit overslag på mva-refusjon med ca 11		19 725 042	561 812	9 286 854	
			Basiskostnad (1-10)		98 625 210	2 809 059	90 434 269	
11	Konto	Bygg	Forventet tillegg.	8 % er lagt til grunn	7 890 017	224 725	8 114 741	
			Prosjektkostnad (01-11)		106 515 226	3 033 784	98 549 010	
12	Konto	Bygg	Usikkerhetsavsetning	8 % er lagt til grunn	8 521 218	242 703	8 763 921	
13			Prisregulering	17 % er lagt til grunn	18 107 589	515 743	18 687 070	
			Sum kalkyle		133 144 033	3 792 229	126 000 000	
Bygghanalyse:			Spesielle kostnader:					
Rehab av tidligere kjøle- og fruktlager bygget i 1956.			Finansiering nasjonal basisutstilling+utstillingVestnorsk fjorlandskap				9 000 000	
I tillegg bygges et tilbygg med glassfasader og bæresystemer i tre. Full rehab av eksisterende			Eigen søknad til Klima- og miljødepartementet					
arealer til nye utstillings- og kontorarealer samt arealer for lokale næringer.			Spesielle kostnader som er innarbeidd:					
			Utsmykking				500 000	
			Laust inventar				3 000 000	
			Finansiering i byggeperioden				1 750 000	
			Prisregulering i byggeperioden				2 520 000	
			sum				7 770 000	
			Prisregulering til byggestart 08			17 prosent	siste år 6,7 %	

Dei viktigaste tala, avrunda i million norske kroner

- entrepriskostnad er rekna til 62,1
- generelle kostnader; prosjektering, administrasjon o.a., 11,2
- spesielle kostnader, inventar, finansiering og utsmykking, 7,2
- Samla mva er på ca. 20 mnok, men det rekna 11 mnok i momsrefusjon, slik at netto moms er rekna til 9,3
- forventa tillegg er sett til 8 %
- usikkeravsetning er sett til 8 %
- prisregulering er rekna frå august 2022 til byggestart august 2025. Basert på ei sterk prisstigning på 6,7 % siste år er det lagt inn ein samla prisvekst på 17 %
- dette gjev ein samla kostnad på 126 millionar norske kroner

Merk at gjennom den konseptvalvurderinga Fjordportalen ynskjer gjennomført vil dette kalkylegrunnlaget kvalitetssikrast. Då vil andre kalkyle metodar nyttast.

Finansieringsplan

Finansieringa følgjer vanlege prinsipp;

- 1/3 vert søkt finansiert over ordninga Nasjonale kulturbygg, i kombinasjon eller med 100 % tilskot frå Klima- og Miljødepartementet
- 1/3 vert søkt over ordninga regionale kulturbygg og tilskot frå «anna» hald i Vestland
- 1/3 vert søkt finansiert lokalt, i form av eigenkapital, kommunale tilskot og private bidrag

Nasjonal finansiering		
Klima og miljødepartement/Nasjonale kulturbygg		42 000 000
Regional finansiering		
Vestland regionale kulturarenaer	26 000 000	
Vestland – finansiering næring	<u>16 000 000</u>	42 000 000
Lokal finansiering		
Kommunal finansiering		
Aurland kommune	10 000 000	
Lærdal kommune	2 500 000	
Vik kommune	2 500 000	
Voss herad	<u>2 500 000</u>	17 500 000
Eigenkapital		
Verdi av bygg Aurland kjøle og fruktlager	7 500 000	
Nærøyfjorden verdsarvpark	<u>7 500 000</u>	15 000 000
Privat finansiering		<u>9 500 000</u>
	<u>Sum</u>	<u>126 000 000</u>

Likviditets plan

Med prosjektering i 2024, byggjstart i 2025 og fullføring av byggjeprojektet i 2026 er fordeling av kostnader om 15 % av løyvinga i 2024, 30 % i 2025 og resten 55 % i 2026.

Investering	Prosjektering	Byggjstart	Fullføring	
	2024	2025	2026	Sum
Klima & Miljø/kulturdep	6 000 000	12 000 000	24 000 000	42 000 000
Vestland kultur	4 000 000	7 000 000	15 000 000	26 000 000
Vestland anna	2 000 000	4 000 000	10 000 000	16 000 000
Aurland kommune	1 500 000	3 500 000	5 000 000	10 000 000
Lærdal kommune	300 000	875 000	1 325 000	2 500 000
Vik kommune	300 000	875 000	1 325 000	2 500 000
Voss herad	300 000	875 000	1 325 000	2 500 000
Eigenkapital			15 000 000	15 000 000
Andre	1 500 000	3 000 000	5 000 000	9 500 000
Sum	15 900 000	32 125 000	77 975 000	126 000 000

6. Drift

Det er utarbeidd eit førebels driftsbudsjett. Til grunn for budsjettet er erfaringstal frå andre senter, PwC sin rapport «Marknadsvurdering for eit besøkssenter i Nærøyfjordområdet» og funn og tilrådingar i rapporten til Menon Economics «Rapport Autoriserte besøkssentre Norge - Fyrtårn for norsk natur».

Menonrapporten frå 2021 om 32 autoriserte besøkssentera i Norge, konkluderer at det er viktig med gode driftsbudsjett med rammer for årleg å investere i- og utvikle utstillingar og

anna innhald. Desse sentera uttrykkjer eit årleg investeringsbehov på minst to millionar i året.

Konto	Inntekter	Areal		2 023	2024	2025	2026
	Tilskot						
	Klima- og miljødepartementet						1 800 000
	Vestland fylke			500 000	600 000	900 000	1 800 000
	Drifttilskot verdsarvkommunar			350 000	350 000	350 000	600 000
	Andre tilskot				300 000	500 000	750 000
	Eigeninntekter						
	Husleige kontordel	224	1200				260 000
	Husleige kafé	140	Omsetningsbasert husleige 8 mnok				880 000
	Billettsal utstilling		150	20 000 betalande			3 000 000
	Innkrevde felleskostnader						500 000
	Sum driftsinntekter			850 000	1 250 000	1 750 000	9 590 000
	Utgifter						
5400	Personalkostnader			550 000	900 000	1 400 000	6 200 000
530	Styreonorar				40 000	40 000	100 000
671	Revisjon				30 000	30 000	40 000
670	Rekneskap				50 000	50 000	75 000
6500	Utstillingskostnader				175 000	175 000	500 000
6600	Drift og vedlikehald						350 000
6200	Energi/fyring						300 000
6607	Fiber				15 000	15 000	50 000
7500	Forsikringar				5 000	5 000	300 000
7720	Kommunale utgifter						500 000
7750	Festeavgift						150 000
	Andre kostnader			300 000	25 000	25 000	150 000
	Driftsmateriell						150 000
	Vaktmeister						200 000
	Reinhald						175 000
	Utandørs						200 000
	Kontorkostnader				10 000	10 000	150 000
	Sum driftskostnader			850 000	1 250 000	1 750 000	9 590 000
	Driftsresultat			0	0	0	0
	Finansinntekter						- 10 000
	Finansutgifter						10 000
	Sum finanskostnader				0	0	0
	Årsresultat				0	0	0

Driftsinntekter

Autoriserte senter vil ved autorisasjon få eit årleg tilskot på 1,8 millionar kroner frå Klima- og miljødepartementet. Når senteret er i full drift vil FP søkje Vestland fylkeskommune om eit tilsvarande tilskot i tillegg til kr 600 000 frå verdsarvkommunane. Drift av kafé er så langt tenkt sett ut til andre, som då betalar omsetningsbasert husleige.

Attraksjon	Besøktal 2022		Billettpris, kr	Kommentar til tala
	Betalande	Totalt besøkjande		
Breheimsenteret i Jostedal	4.800	38.000	85,-	Flest utanlandske turistar frå Europa. Flest voksne par, men og familiar og grupper.
Norsk Bremuseum og Ullveit-Moe senter for klimaviten	46.826	49.314	100,-	44% grupper, 5% skuleklassar og studantar, 18% av dei besøkjande var nordmenn. 90 ulike nasjonar.
Vega Verdsarvsenter	6.000	26.000	165,-	
Fjordsenteret i Geiranger		32.672	145,-	I 202 var 20.373 cruiseartistar, 10.104 individuelle reisande og 757 gruppebesøk.
Roros bergstad og Circumferensen	16.552	21.421	130,-	

Marknadsanalyse - besøk

Marknadsanalysen til PwC syner at senteret kan ha stort potensiale. Tabellen frå 5 andre attraksjonar syner sprik i talet besøkjande og kor mange som betalar. Billettprisen er og ulik. Ei samla vurdering legg til grunn eit besøktal på 20 000 betalande.

Driftsutgifter

Desse er kalkulert så langt det let seg gjera no.

I personalkostnader er det budsjettert med dagleg leiar, formidlingsleiar, driftsansvarleg, ansvarleg for kommunikasjon/sosiale medium(alle 100 %), og 15 deltidstilsette. Dei siste for å vera vertskap i minimum opningstid, slik autoriserte senter har. Budsjettet opererer med kr 500 000 i årleg oppdatering av utstillingar. Utgifter til deltidstilsette og utstilling vil då auka om besøktala vert større enn 20 000.

Konklusjonen er at det er grunnlag for å drifte verdsarvsenteret på ein god måte.

7. Politisk forankring – nokre tillegg.

Som innleiinga syner har Fjordportalen verdsarvsenter sterk forankring i nasjonale og regionale planar og prioriteringar. I dette avsnittet tek søknaden med eit tillegg som gjeld vertskommunen Aurland og nokre referansar til planar for reiselivet, den største næringa i området i omsetning.

Aurland kommune

Samfunnsdelen i Aurland kommune sin kommuneplan for perioden 2022-2033, s. 20, er tydeleg;

«Aurland kommune skal vere pådrivar for etablering av eit formidlings- og kompetansesenter om verdsarven Vestnorsk fjordlandskap – Nærøyfjorden».

Reiseliv

I Vestland sin plan *«Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021–2033»*, side 12 og side 14, er verdas vakraste fjordar og fjell peika på som eit av våre viktigaste konkurransefortrinn og berekraftig reiseliv som ei av verdikjedene med særskilt potensial for grøn omstilling og nye eksportverdiar.

Vestland fylkeskommune, *«Temaplan reiseliv i Vestland 2023-2025*, Nyskapande og berekraftig reiselivsutvikling» seier at

«Målet i planen er at Vestland fylke gjennom berekraftig reiselivsutvikling skal vere eit attraktivt val for kvalitetsbevisste gjestar som bidreg til lokal verdiskaping i Vestland (side 2).

Dette understrekar at eit verdsarvsenter kan vere navet for kunnskapsformidling for utvikling av eit berekraftig reiseliv, bidra til å heve kvaliteten på arbeid med besøksforvaltning på Vestlandet og vere ein viktig brubyggjar mellom kompetansmiljø innan naturforvaltning og kultur og næringsliv.

8. Søknad om planleggingstilskot/konseptvalutgreiing

Til slutt; ombygging kan vera krevjande. Uvisse punkt er fleire enn ved nybygg. Ombygging fører ofte til fleire tillegg. Fjordportalen ynskjer difor å gjennomføre ein alternativ gjennomgang av kalkylegrunnlaget for å kvalitetssikre prosjektet.

Dette arbeidet skal gjennomgå uklare punkt, vurdere korleis ein best reduserer energibruk og utslepp, jf. masteroppgåver, vurdere korleis ein kan redusere kostnader, tilrå entreprisemodell og utarbeide anbudsgrunnlag for prosjektering.

Ekstern prisvurdering på ei slik utgreiing er kr 300 000.

Til sist vert det søkt om eit tilskot for 2023 for å finansiere prosjektleiing, m.a. for å drive prosjektutvikling, utarbeide og følgje opp søknader og arbeide med anna finansiering.

Samla sum er kr 850 000, som vert søkt finansiert med slik fordeling;

Søknad 2023 planleggingstilskot	2023
Aurland kommune	200 000
Lærdal kommune	50 000
Vik kommune	50 000
Voss herad	50 000
Sum lokalt	350 000
Vestland	500 000
Sum	850 000